

## **Uttale revisjon av Aurlandsutbyggingi Sak NVW / 7535/v**

### **Nyhellerdammen / Vampen.**

Som eit reslutat av kraftutbygginga var det mange endringar areal messig. Det var fleir planar som vart endra eller bortlagde. Eit av resultatata vart Nyhedlerdammen. Etter det eg hugsar er dammen 22 km<sup>2</sup> ved HRV. Det er sagt at det var den største vassflata i Nord Europa i den høgda. Det var eit val.

Det har etter kraftutbygginga vorte mange endringar av arronderinga i fjellet og det hadde vore trong for vegar til anleggsplassane, som hadde medført trafikk og folk andre stadar en Nyhellerdammen. At vegane vart opne for allmenta var eit krav frå Aurland Kommune. Fjellstyret stengde vegen til Vargedammen eit år i jakti, men det varte i ca 3 dagar, det var ikkje lovleg.

Det er laga mange utredningar om endringar som har oppstått etter kraftutbyggini. Korleis det hadde vore i fjellet, om det ikkje vorte utbygging veit ein ikkje. Jamfør avliving av all reinsdyr i sone 1.

Når det gjeld turløypa Finse - lungsdalen er den gammal. Geiteryggen vart start i 1904, lungsdalen noko seinare. Delet mot Aurlandsdalen vart truleg etablerte I den samanheng. Vegen aust- vest er frå gammalt brukt som ferdseleveg. Østerbø Turisthytte vart opna i 1894 og Steinbergdalen Turisthytte i 1895. Det var folk som vandra før den tid, og trong for overnattingstilbod var det grunnlag for.

Kongshellerhytta vart etablert som sikrings bu på løypa i samband med kraftutbyggingi. Den aukar truleg ikkje noko særleg kor mange som går løypa, men det kan vera nokon som går kortare etappar.

Ei steinfylling ved Vampen vil ha liten verknad før dammen er mykje oppfylt. Dei tekniske løysingane som er skissert vil vera mogleg å gjera, men vil det ha nokon positiv verknad for villrein er eg tvilande til. Hadde det ikkje vore kraftutbygging er det truleg få som viste kvar det er og korleis det såg ut før dammen vart laga, og heller ikkje bære kjøtt der frå.

Eg er ikkje mot at Hafslund utfører tiltaket men ser ikkje nytten i forhold til naturinngrepet og ein ikkje veit om det vert brukt av reinsdyr i den tiden dammen er oppfylt.

## **2. Vassbygdieelvi.**

Har lese det som står der og det trong lesast fleire gonger for å forstå alt, og meininga med det som vart skreve på grunn av at det var mange nye namn som eg som Vassbygding aldri har høyrte. Etter å samordna det med vedlagte kart forstår eg meir. Det er ein del av teksten som må kommenterast.

Vassbygdi er relativt flat og har eit grunt jordlag. Under der er aur, stein og grus. Frå Steine bru er det finare massar i grunn, vatnet står enkelte stader nær overflata på bøane .I samband med vassmangel i brønnane vart det båret nye brønnar, det vart målt djupne til grunnvatnet, det viste då at grunnvatnet var relativt flatt .

Nedre del av Midjeelvi som vert kalla Løelvi har aldri vore fiskeførande på vinteren. Ved (1) betongterskel tek Veimsgrovi (6) ut, renn ut i ved Bruøyna (7) ,den renn nesten heile året.

Løelvi søkk i grunn etter der Øyregrovi ( 3 ) tek ut ved (2), Den renn ned til Langebekken og kjem saman med Øyaelvi (4), og vidare i ein kanal som kjem ut der det vert kalla ECO bekken (5). Etter reguleringi er det lite vatten i Løelvi heile året. Om det er kraftig regnvêr veks den fort opp, men går fort nedatt. Det er ein kanal som tek inn grunnvatn frå området ved administrasjons bygget og kjem ut under ei bru på Fv. 50 og renn til Løelvi ved Steine bru.

Eg husar at Løelvi braut gjennom elveforbyggingi to gonger den første var på 60 talet den siste i 1973. Då rann det gjennom heile boligfeltet til Furuholmen, Øyabru og Øyrekloppi forsvann. Vinteren etter var NVE her og bygde ny elvaforgygging, som vart teken i bruk som veg opp til Midje og Kjøl og anleggsplassen der. Hausten 73 vart det bygd veg langs Øyregrovi som var i bruk til vegen var ferdig langs elvi. Det vart og før kraftutbygging brukt bulldosar for å rydda elveløpet på grunn av avsette steinmassar.

Alt vatnet som søkk frå Løelvi kjem att som grunnvatn frå Bruøyna (13)og nedover . Der er det ikkje Vassbygdelvi på om vinteren . Opp til Sitjandefossen vert det is når det er kaldt. No i dag er Vassbygdelvi frosen frå Bruøyna til 100 m ovafor Bjelde bru, derfrå er det delvis ising opp til Sitjandefossen. Ved inntak til røyr frå Øyo (4) til Vassbygdelvi erdet litt grunnvatn i innløpet, Veimsgrovi er turr og kanalen som kjem ned til Løelvi er turr.

Tivesja er isfri.

Når det gjeld Tivesja får den sikkert vatten frå Vassbygdelvi frå ovanfor Sitandefossen ( 8 ), det kjem ut vatten i Øyna ved (9) 4 – 5 meter oppe i bakken når det er ein del vassføring i elva. Vidare er det ein dam ( 10 ) som er vatten i heile sommaren, og sikkert er det som kjem oppatt i Tivesja. Grunnvatn har jordtemperatur derfor frys det ikkje. Det vert i høyringi foreslege at det vert laga ein kanal frå Vassbygdelvi , det er mogeleg men vatnet vil truleg ikkje koma over til Tivesja, men forsvinna i grunn. Om det skulle koma noko over vil Tivesja truleg frysa til.

Kva som vert kalla Hagabekken forstår eg ikkje heilt.

Nokre år sida vart det laga nokre tersklar nedover etter Bjelde Bru. Derfrå og opp til fossen er det ikkje gjort noko i elva for fisken.

I eine skjønnet står det at det måtte vurderast ein terskel. Det tok eg opp under, men vart avvist av ein eg ikkje kjenner. Veit ikkje kva grunnlag han har for det.

Det var ein som gjekk langs elvi i haust og tok blider. Det var og nokon som såg etter fisk, men kva dei såg veit eg heller ikkje.

Om det er interesse for det har eg ein del bilder av vassføring og ising som viser det eg har skreve om, desse er tekne i det siste.

Dett er kanskje litt detaljert, men om det skal verta eit godt resultat av tiltaket må grunnlaget vera rett.



Sitandefose med liten og stor vassførin og fisk som var vanleg før utgygng på 60 talet

Inge Olai Sønnerheim

5745 Aurland

Vedlegg kart

